

## Referat frå møte i elevrådet måndag 23-05-16

Alle møtte.

### **Sak 38 / 15-16 : Godkjenning av referat frå møte 15-04-16**

Referatet vart godkjent utan merknader.

### **Sak 39 / 15-16 : Lindås kommune - Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028**

Hovudmål:»Trygge barn som deltar, meistrar og lærer.» Nokre viktige pkt

-Samarbeid ml. dei som arb. m/barn og unge t.d. i skular og barnehagar.

-Leggja til rette for fysisk aktivitet, utvikle venskap, respekt og toleranse, skapa mobbefrie miljø. - God opplæring for språklege minoritetar.

### **Sak 40 / 15-16 : Info om Unicef-runden**

Materiellet har kome : kort, klistremerke, konvoluttar. Kvar kontaktlærer og klasse finn ut kor tid det passar å gjennomføra opplegget - gjerne i byrjinga av juni. Elevrådet har oppgåve å skriva eit info-brev til heimane. Pengegåvene skal leverast anonymt i tilsendt konvolutt. Elevrådet tel pengane når alle klassar er ferdige med opplegget.

### **Sak 41 / 15-16 : Korleis går det med aktivitetsleiar-oppgåva ?**

Pr. i dag er ordninga berre gjennomført ein gong – då var det ei øving ute og ei inne. Elevrådet ønskjer at ordninga vert gjort oftare, og at det vert byta på kven som er ute og inne.

### **Sak 42 / 15-16 : Å ta vare på leikane me har på skulen t.d. leikehyttene**

Elevrådet kom fram til desse reglane: Ikkje grava leikar ned i sandkassen- Ikkje slengja sparkesyklane i fart – Ikkje øydeleggja leikar – Ikkje skriva slemme ting i leikehyttene – Ta godt vare på leikar. Ina, Razvan, Linnea og Martine orienterer om dette i klassane.

## Sak 43 / 15-16 : Ymse

- a) Ønskje om edderkoppdisse. Elevrådet skriv brev om dette til FAU.
- b) På guttedoen nede manglar såpe.
- c) På jentedoen nede er det dårleg lys og lås.
- d) Ønskjer betre kvalitet på leikespadane.
- e) Ønskjer benkar i leikehyttene.

Myking skule, 26-05-16

Margunn Dale Skauge (ref.)